



Det Kgl. Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Vår ref
2006/638/20/A10

Deres ref:
201200556- HCJ

Saksbehandlar
Kari Hølmo Holen
61 70 07 33

Dato
04.05.2012

Høring av NOU 2012: 1 Til barnas beste - Ny lovgivning for barnehagene

NOU 2012/1 har vore drøfta på styremøte i Sel, og kommune har følgjande uttale:

1. **NOU 2012: 1 Til barnas beste** – er eit svært omfattande dokument, som med fordel kunne vore korta ned noko. Det er mykje bra innhald, og vi støttar forslaget om at det blir arbeidd for å få ei forskrift i staden for mange. Når det gjeld forskrift om likeverdig behandling er den vurdert som relativt komplisert. Vidareføring av rammeplanen som eigen forskrift har vi ingen merknad til.
2. **Kap II. Barns rettigheter:** Barn si opphaldstid i barnehagen – vi opplever at dei minste barna ofte har svært lange dagar, noko som er ei utfordring. Medan vaksne har fastsett lengde på arbeidsdagar, kan barnehagedagen dreie seg om langt fleire timar. Dette er også krevjande i barnehagen med krav til bemanning med vaktordningar.
3. **Kap V og § 17:** Krav om barnehagefagleg kompetanse i administrasjonen – dette er eit krav som ikkje kan setjast til alle kommunar, da organisering og storleik på kommunane er svært ulike. Men det er viktig at nokon sit med ansvar for dette området, dette gjeld både for utvikling og planlegging. Styrarar i barnehagane har i dag eit stort ansvarsområde, som går både på pedagogikk, leing og økonomi, og det er difor viktig at dette området også blir ivaretatt i administrasjonen på lik linje med andre område. Dette vil også gjelde krav til likebehandling.
4. **Kap V og § 27:** Kommunen sin dobbeltrolle – at kommunen både er barnehageeigar og skal føre tilsyn er opplevd som uproblematisk. Kommunalt tilsyn er ein nyttig gjennomgang for å hindre ”privat praksis” i barnehagane, dette gjeld både for kommunale og private barnehagar. Vi meiner det er viktig at kommunen har ein kontrollfunksjon for mellom anna å sjekke krav til oppfyljing av barnehagelova. Resultat av kommunalt tilsyn blir lagt fram som sak til politisk behandling, noko som også gir god informasjon til barnehageeigar. Tilbakemelding til barnehagane som oppfølging av tilsynet er også

viktig. Kommunane har i dag aukande statleg tilsyn via fylkesmannen, og dette er to ulike tilsyn. At det blir gjeve rettleiing før tilsyn frå fylkesmannen er vurdert positivt.

5. **Kap VII – Bestemmelser om barnehagens personale, mv:** Vi ber om at det blir vurdert på nytt regelverk for når eit barn er over eller under tre år. Slik forslaget og praksis er nå, er det ulikt for likebehandling med finansiering og bemanningsnorm.

6. **Kap VII - Bestemmelser om barnehagens personale, § 32:**

- Barnehageeigar har ansvar for å vurdere krav til bemanning – men det bør bli sett fokus på grunnbemanning. Det er i dag langt fleire små barn i barnehagane enn tidlegare, og for å gje eit godt tilbod til alle, må grunnbemanninga aukast. Vi støttar forslaget om auka pedagognorm. Dette har ei økonomisk side som må bli kompensert, da ressursbehovet vil bli større. Styrking av pedagogbemanning bør ikkje gå på bekostning av assistentbemanning, men grunnbemanninga bør aukast. Fleire vaksne er også sett som eit førebyggjande tiltak. Når berre 4 av 10 barnehagar i dag oppfyller pedagognorma, set dette krav til finansiering og satsing på utdanning for fleire, og det er såleis viktig at det blir gjeve noko tid for å kunne oppfylle dette.
- Det er i dag langt større krav til innhald i barnehagen enn tidlegare. Ulike arbeidsoppgåver som planlegging, ulike møte, kurs og kompetanseheving med meir gjer at det er mange område som krev tid frå dei tilsette i barnehagen. Det er såleis ei utfordring å få dekt opp heile dagen godt nok med personale.
- Opningstider i barnehagen – til lenger opningstid betyr dette færre personale og mindre tid til kvart enkelt barn. Det er også sårbart med små barnehagar og for eksempel behov for vikar.

7. **Kompetanseutvikling** – det er viktig at det blir lagt til rette for gode statlege ordningar også på barnehageområdet. Tilbod om gratis styrarutdanning og tilrettelegging for førskolelærerutdanning på arbeidsplassen er bra. Det er sett som verdifullt at førskolelærerutdanninga er den primære når det gjeld pedagogkrav i barnehagen. For å auke krav til pedagogbemanning bør det vere rom for at også andre høgskoleutdanningar med tilleggskompetanse retta mot barn i førskolealder får plass i barnehagen. Det er viktig at også assistentgruppa blir ivaretatt, slik at det er rom for ulike kompetanse, og Sel støttar her krav til fagbrev.

Med helsing

Kari Hølmo Holen
kommunalsjef